

ORIENTERING TIL MEDLEMMANE - Fagforbundet Masfjorden/Modalen 503

Tilsvar til «rykter om misnøye» i samband med styreseminar januar 2020 og mai 2022.

I vedtektene til Fagforbundet står det at det skal gjennomførast styreseminar kvart år.

Vår avdeling har tatt dette inn i handlingsplan og budsjett. Handlingsplan og budsjett er vedtatt av årsmøtet, som er vårt øverste organ, og der medlemmene bestemmer.

Vi har årsmøtevedtak på at annankvart år skal seminaret leggjast til utanlandstur for styret. Bakgrunn for vedtaket er at dette skal vere ei påskjønning slik at medlemmer blir motivert til å ta på seg styreverv.

Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for deltaking på styremøta, så tur i samband med styreseminar er tenkt som ein kompensasjon til styremedlemmene og ei innsparing for Fagforbundet.

Styret består av 14 styremedlemmer og antal møte pr år er ca 8 – 10. Vi reknar med møtegodtgjersle pr møte på kr 300, noko som er ein svært lav sats som ikkje har vore justert dei siste 17 åra i alle fall.

Dette utgjer fylgjande reknestykke:

14 personer x 9 møte x kr 300 = kr 37 800 pr år. Over to år utgjer dette kr 75 600.

Tidlegare har seminaret vorte halde på helselagsstova Hosteland, hotell i Bergen og på båt med Fjordline til Hirtshals. Det har vore ulike tema på seminara.

I tida 16. – 19. 01.2020 gjennomførte vi styreseminar, den gongen i Spania.

Tema den gongen var

- 1) Arbeidet i styret; kva oppgåver ligg til dei ulike funksjonane, kva er dagens styremedlemmer sine styrker og kva bør vi bli bedre på, korleis utfyller vi kvarandre som eit kollegium til beste for medlemmane våre
- 2) Handlingsplan 2020

Samla sum for alle utgifter til styreseminaret kom på kr 50 000.

I tida 20.-22.05.2022 gjennomførte vi styreseminar ombord på Fjordline sin båt til Hirtshals.

Tema denne gongen var yrkesseksjonane og arbeidet der v/Sigrun Bøe Perez, yrkesseksjonsleder i Fagforbundet Vestland.

Samla sum for alle utgifter til dette styreseminaret utgjorde kr 44 000.

Eit styreseminar på hotell i Norge – med overnatting, møtelokale, lunsj to dagar, middag og utgifter til bil og parkering vil kome på ca same summen.

Viss vi tek utgangspunkt i kr 50 000 så utgjer det ca kr 3 600 i utgifter pr person for eit styre på 14 personar.

Til samanlikning vil utbetaling av møtegodtgjersle kome på kr 5 400 pr person for to år. Dette viser at det vil vere dyrare for fagforeninga å betale ut møtegodtgjersle for kvart møte. I tillegg vil det kome utgifter til årleg styreseminar sjølv om dette blir arrangert lokalt.

Dette oppsettet er laga som eit svar til kommentarer som er kome styret for øyra. Vi hadde sett stor pris på at medlemmene tok dette opp anten direkte med leiar/styret eller tok dette opp på årsmøtet, slik at vi fekk høve til å svare. Det er negativt for ein organisasjon som vår at det blir mykje misnøye i krokane, utan at dette kjem opp på ein skikkeleg måte.

Håpar denne oversikta oppklarar eventuelle spørsmål de måtte ha. Ta kontakt med leiar Britt Inger Myhr dersom de har spørsmål utover dette.

Masfjordnes, 10.01.23

For styret

Britt Inger Myhr
leiar